ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 30.06.2022 |
| Vår: 20/14029 - 22/53686 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for heile tiltaket - gbnr 137/109 Alver

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 744/22**
**Tiltakshavar:** Hordaland Byggutvikling AS
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustadblokker og tilhøyrande anlegg på gbnr 1377109 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 31.08.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve gitt i vedtak datert 24.07.2019 og endringsløyve datert vedtak i saka datert 07.01.2022.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Montering av garasjeportar
2. Innmålingsdata

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.08.2022.
Det vert elles vist til søknad mottatt 13.06.2022.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Bygningstiltak: | 2 bustadblokker – totalt 28 seksjonar |
| Adresse: | Alvervegen 10<br>Alvervegen 12 A-F |
| Bygningsnummer: | 300766784 (20 brukseiningar)<br>300766926 (8 brukseiningar) |
| Bruksareal: | 3 671 $m^2$<br>663 $m^2$ |
| Avløp: | Kommunalt |
| Vatn: | Kommunalt |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14029

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |
| Hordaland Byggutvikling AS | Stølen 26A | 5911 | ALVERSUND |